



Den nedre gata i Halsabrotet blir ikkje nyasfaltert ferdig før i desember. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det vart brått slutt på nyasfalteringa i Halsabrotet og kommunen sin vegoppsynsmann Øyvind Hardeland kan ikkje lova at leggjinga av ny asfalt kan halda fram før i desember.

Det står att eit langt stykka av den nedre gata medan asfalten er på plass i den øvre. Grunnen til at arbeidet har stogga er kort og godt at marknaden er så opheita at det er problematisk å få tak i asfalt samstundes som det er transportproblem.

- No får vi ikkje meir asfalt i denne omgongen og alt tyder på at det ikkje vert meir kommunal asfaltering før i desember, seier Hardeland til Kvinnheringen

Opprettinga av vegen inn til skulen og ned til Beinavikjo er også gjort.